



Kurset hadde spesialskrive musikkspel. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Frå lørdag til torsdag har 65 korpsungdommar i 12-13-årsalderen vore samla til musikkmarkurs i Ølensvåg. Dei tre uskedalingane Jostein Bauge, Sindre Aksnes og Kaja Døssland tok del i dette kursopplaget som vart avslutta med ein fantastisk konsert torsdag middag.**

Gjennom dei 5-6 dagane ungdommane var samla, fekk dei vera med på eit innhaldsrikt program fyllt av positive opplevingar. Sjølvstekt vart hovudvekta lagt på det musikalske utviklingsarbeidet, men det var og lagt inn mange ulike aktivitetsformer. Drama og dans hadde m.a. fått større plass enn på tidlegare kurs. I den sterke varmen kom det godt med at badestrande låg like ved, og den vart flittig nytta.

Fotballcup var det også, og i den var Sindre ein av spelarane på vinnarlaget. Elles nemner vi at det var Idol-konkurranse og sjølvstekt var det tradisjonell festmiddag med diplomutdeling siste kvelden. Gjennom heile opphaldet var det ein romkonkurranse som m.a. omfatta ulike quiz kvar kveld og romorden. Vinnarane her vart premiert med brus og pizza på senga siste morgonen.

Avlutningskonserten starta med opningsfanfare og dansenummer utandørs før eit stort publikum vart leia inn i salen. Der vart vi presentert for musikkspellet 'Solist søkes' som var nyskrive for dette kurset. Både musikk, dramainnslag og dansenummer viste at det hadde vore jobba imponerende godt i den sterke sommarvarmen. Ei fantastisk førestelling var det, og mange publikummarar fekk nok både frysningar på ryggen og tårer i augnekroken. Trampeklappet både etter einskildnummer og heilt til slutt var veldig fortent!

All musikken i spelet var forøvrig spesialskriven av ein av instruktørane, Espen Westbye. Nok ein gang vart vi imponert over korleis NMF gjennom desse kursa gjer korpsmusikken spennande gjennom nyskaping og kvalitet.

Etter konserten kjem alltid avskjedsstunda som er like rørende kvar gang. Den fortel alt om kva desse kursa og denne hobbyen betyr for ungdommane. Eit bevis på kor sterke vennsband som er knytte. Når dei reiser heim, gler dei seg til å treffast att på Karmøy Brassfestival, neste sommarkurs og på andre korpsarrangement.

Ein svært viktig del av det kursa gjev, og ei god forklaring på at deltakinga på dei populære sommarkursa er stadig stigande.

No føregår tilsvarande kurs for 10-11-åringar i Ølensvåg. Det vert avslutta søndag.

Av Thor Inge Døssland

---



Gode kompisar og gode trommisar. Sindre til venstre. (Foto: Thor Inge Døssland)